

Året som har gått – 2012

2012 har vore eit spennande år, med mange aktivitetar og 10-års jubileum for Fanaråken opp. I 2011 hadde me ny rekord på medlemssida, 205 stk. Pr 1.des 2012 har me også 205 medlemmar, dette er me veldig nøgde med.



Idrettslaget sine 7 undergrupper har alle hatt aktivitet gjennom året. Dette set me stor pris på og er glade for at bygdefolk stiller opp i verv og som trenarar. På seinhausten har ein og starta med trening i innebandy på Fjordstova. Dei har vore på turnering og melder om god interesse. På årsmøtet i februar vil me ta opp gruppa som eiga undergruppe.

Februar er månaden for årsmøte og basar. Også i år fekk me eit godt overskot på basaren så me kan nytte i høve til medlemmane. Tusen takk til alle som bidrog med gevinstar, tok lodd og var på basaren. Ei spesiell takk til alle i undergruppene som bidrog med tiggning av gevinstar i forkant og ulike oppgåver under basaren.

11.august hadde Fanaråken opp 10-års jubileum. 550 deltakarar frå fjern og nær var samla til folkefest. Tusen takk til alle som stilte opp og hjelpte oss den dagen og i forkant av løpet. Utruleg kjekt at 75 stk stiller frivillig opp for oss på eit slikt arrangement. Også i 2013 har me eit jubileum, Sognefjellsmarsjen er 25 år. Her håpar me mange har lyst og moglegheit til å delta.

Sognefjellet sommarskiser som me eig ein del av har hatt ein super sesong. I påska laga ein løyper over fjellet noko som vart ein stor suksess. Jobben for 2013 er alt i gang, ein satsar på at ein får til løyper og denne påska. Nytt prosjekt me jobbar med er Sognefjellet sommarskiskule. Dette er eit samarbeid med Sogn og Fjordane skikrins og Fjordstova og me håpar å kunne samle ungdommar til trening i slutten av juni. Samstundes vil det vere trenarkurs her og.

Også i år vil me avslutte året med nissemarsj og gløggkveld på Fjordstova 14.desember. Mykje skal gjerast før jul og det er mange aktivitetar i bygdene våre. Me håpar likevel mange har høve til å møtast for å sjå fakkeltøget og ta eit gløggkrus og ein prat!!

IL Fanaråk vil med dette takke alle som har bidrege til laget vårt. Me er heilt avhengig av støtte frå bedrifter i nærmiljøet! Tusen takk!

IL Fanaråk ynskjer dykk ei god jul og eit godt nyttår!!

Anders, Evi, Jakob, Hans Arvid,

Anne Marie og Mona

